# Tresfjordrevyen 2007
# ”Osila hælsebot”
## På Tresheim

Premiære Laurdag 31.mars kl 19.00

Framsyningar:



| | |
|---|---|
| Søndag | 01.april kl 20.00 |
| Måndag | 02.april kl 20.00 |
| Tirsdag | 03.april kl 20.00 |
| Onsdag | 04.april kl 20.00 |

Førehandssalg av billettar hos:
”Sandra og Iris” Vestnes Brygge
og Spar Tresford
Resterande billettar vert solgt ved inngangen
(Vi har kort-terminal)

**Bilettpris kr 180,-**

Arr: Tresfjord Ungdomslag

# **”Osila hælsebot”**
# **Tresfjord-revyen 2007**

Revygruppa i Tresfjord ungdomslag vil i år presentere **”Osila hælsebot”**
**”Osila hælsebot”** er revy nr 16 på like mange år og er oppfølgar til suksessar som ”Kammar i vælt” (2006), ”Mykje gått håplaust” (2005) og ”Ændå argare” (2004). Som vanleg vil både gamle og nye stortalent dukke opp på sena på Tresheim palmehelga. Sidan 1992 har palmehelga vore fast revyhelg i på ungdomshuset Tresheim i Tresfjord.
Tresfjord er og arena for revyfestivalen ”Gapskrattfestivalen” som har vore arrangert i juli annakvart år sidan 1996.

Tresheim har dei siste åra vore under utbygging. All bygging vert gjort på dugnad, og om alt går etter planen kan vi under **”Osila hælsebot”** sleppe å henvise trengande publikum til vårt fantastiske utedo, for då håpar vi at vi har nytt toalett på plass. (Innandørs!) For spesielt interesserte vil utedoen likevel være tiljengeleg også i år, mot eit lite tillegg i billettprisen, og vi vil oppmode folk om å benytte annledninga då dette kan være siste året den står der.

**”Osila hælsebot”** er ein lokalrevy som sparkar både hit og dit, og som tek opp saker som har skjedd, ikkje har skjedd, kunne ha skjedd og som aldri kunne ha skjedd. Som vanleg får nabobygdene svi. Andre som stikk nasen sin fram er heller ikkje trygge. Som alle veit er det ei ære å bli sitert på revyen, og det er framleis tid til å gjære seg bemerka. Dei siste innslaga er ennå ikkje ført i pennen. I beste Tresfjordrevy-ånd vert ikkje det siste nummeret laga før siste kvelden.

Tresfjord ungdomslag vil med dette få ynskje publikum velkomne til **”Osila hælsebot”,** med premiere på Tresheim, Tresfjord laurdag 31. mars kl.19oo, og førestillingar søndag 01.april kl.20oo, måndag 02.april kl 20oo, tirsdag 03.april kl 20oo og siste forestilling onsdag 04.april kl 20oo. Det vert førehandssalg av billettar hos ”Sandra og Iris” på Vestnes og hos ”Spar Tresfjord”. Resterande billettar vert selt i døra før forestillingane. Vel møtt.

Helsing Tresfjord ungdomslag – Lars Erik Hubred – Rypdal - 6391 Tresfjord - hubred@xi.no – 905 80 492